

ERESFJORD – ei lita tilbaketrukken bygd. Ei bygd der vi gjerne skryter av det vesle vi har.

Kvifor har hasselskogen i Eresfjord vore så viktig for høgadelen i Europa?

Kvifor insisterte kong Harald på å få kome til Fagerslett?

Korleis har Eirik blanda seg med verdseliten i sykling?

Kva er Nord-Europas høgste fossefall?

Og kvifor vil Sofie og Eirik gifte seg i Eresfjord?

Om du ikkje klarte denne litle quizen, så finn du svara etter kvart.



Bygda ligg mellom Eresfjorden og Eikesdalsvatnet. Det er elendig med akebakkar på gardane, men bygda fungerer bra til sykling. Rund bygda er det derimot mange oppoverbakkar, fyrst, og så artigbakkar heim. Om lag 450 menneske har slått seg til ro her. På biletet dominerer Goksøyra 1318 moh. Nærast er Øverås og til venstre skimtar ein fjorden. Eirik vaks opp nesten nede ved den.



Frå den kanten ser Goksøyra slik ut. Ekstra hyggeleg er det med Sofie på besøk.


Til høgre: Fagerslett ein vårdag når kvitsymmeren blomstrar



Gå til Mardalsfossen. Nord-Europas høgste fossefall. Opningstid 20. juni – 20. august. Du kan gå og sjå den, høyre den og du kan kjenne den dersom du går nær nok. Det er enormt! I 1970 vart det bestemt at den skulle lage straum.



Bygdefolk og naturvernarar ville ikkje det og lenka seg fast i fjellet.

	 Padling! Idrettslaget og skulen disponerer fleire kajakkar og kanoar. Det kan by på mange flotte turar nær havoverflata. Her er Eirik, Frøen og Sofie på veg inn fjorden	
Mange tilrettelagte klatreruter med eigen klatreguidebok. Her er Eirik og Sofie på testing av ny buldrevegg.	«Det er Eresfjord classic, og her er vi inne frå toppen av Vistdalsheia. Kurt Asle Arvesen, tidlegare jr. verdsmeister og etappevinnar i Tour de France, gir det siste han har i innspurten. Men kven er det som truer bakfrå? La meg sjå på nummeret! Det må vere Eirik! Han smiler og ser ut til å ta dette lett! Han legger seg bak, og lar den gamle meisteren frå nabohuset vinne! Sjå her ja, den glade guten i svart, han sykklar i elsykkelklassen!»	
		
Basehopping	Randonèski dukka tidleg opp i Eresfjord. Det er perfekte forhold. 1700m opp og 1700m ned att. Sofie har skjønt det!	
 Så var det hasselskogen. Mat, klede og tønneband. Ikkje at ein kan kle seg opp med «næt», som det heiter her, men ekornet likar næt, og ekornskinn vart eksportert til Europa der det var ettertrakta til fine damers undertøy.		 Kunstprosjekt «Sykkelbygda Eresfjord» ca 200 sykklar i fine fargar. Her på Coopen



Reinens rike. Snøhetta Vest er i fjellområda våre. Her har Eresfjordingar drive jakt i uminnelege tider. Det var her, ved Reinsvatnet at Eirik måtte vere med foreldra på tur. Der fann han det eldste høgfjellsfunnet som er gjort i Noreg. Pilspissen vitna om Fosnakultur. Karbondatering av kol på funnstaden sa 11000 år.



Eirik som Bjørnstjerne i Bjørnsonspelet



Bjørnstjerne Bjørnson vaks og samla mange inntrykk til sine forteljingar. Arne meid «Undrer meg på kva eg får å se...», Ein glad gut, Faderen og Synnøve Solbakken. Over er Bjørnson på besøk og blir rodd ut fjorden. Bilete frå Bjørnsonfilmen.



Så var det det med kong Harald da. Eresfjord har ei lakseelv, Eira. Den er ikkje så mektig lenger, berre 33% av seg sjølv. Samfunnet vil ha elkraft av vatnet vårt. Likevel er her aktivt laksefiske. Kongen var her, og trossa stor elv og «dårleg til beins», for å få fiske på Fagerslett. Han hadde det fint, men fekk nok ikkje same laksejubelen som Kenneth og Torgeir.



Vi har ei lita kyrkje her også. Den er like beskjedne som folket, og det kling godt i den



Kvifor vil Eirik og Sofie gifte seg i Eresfjord? Du har kanskje begynt å forstå det? Eller så var det kanskje berre noko dei kom til å tenkje på når dei lå i lyngen på ein topp og sola seg med utsikt til Skjorta, Goksøyra og Fløtatind.